



**Sundag går Kvinnheradløpet og Uskedalen vil som alltid vera solid representert, både i konkurranseklassa og blant turgåarane. Til dømes er Gunvald Friheim ein av uskedelingane som har vore med 28 gonger, altså i kvart einaste løp!**

**Til Kvinnheringen seier han, Magne Enæs og Odd Ivar Ellingjord (som heller ikkje har skulka noko år) at det er viktig å halda ut og at det etter kvart har gått litt prestisje i å delta. Men dei ynskjer eit oppsamlingsheat for dei som av ein eller annan grunn ikkje kan delta på sjølve løpsdagen. Det hadde auka deltakartalet noko.**

Også blant dei som skal ha 20-årsmerket i år finn me ein uskedeling - Kurt Haugland. Og det er fleire frå vår bygd blant dei som skal ha tiårsmerket.

Hovudløypa er 9,2 kilometer lang og startar på Rosendal Stadion. Løypa går mot Nes, opp til kyrkja og rundt Omshagen. Derifrå skal deltakarane opp Svartedalen til Skeie før dei går nedover mot stadion att. Det er også ei 5 kilometer lang løype, berekna på funksjonshemma.

På biletet er Gunvald Friheim, Magne Enæs og Odd Ivar Ellingjord ute på treningstur.

(Foto: Kvinnheringen)